



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/324 - 16/23735

Saksbehandlar:
Helge Kvam
helge.kvam@meland.kommune.no

16.12.2016

Evaluering av framdrift kvalitetsforbetring etter tilsyn i Meland kommune v/heimetenesta

Viser til Tilsynrapport frå Fylkesmannen datert 25.04.16 og Meland kommune sitt svar på tilsynsrapport datert 08.09.16.

I Fylkesmannen sin tilbakemelding datert 15.09.16 skriv ein mellom anna: «*For vurdering av om tilsynet kan avsluttast, ber vi om å få tilsendt resultatet frå førstkomande gjennomgang som leiinga gjer. Vi ønskjer informasjon om rutiane er kjende og følgde.*»

Leiar for tenesteområde Meland heimeteneste, rådgjevar samt rådmann har gjennomført evalueringmøter av forbetningsprosess etter tilsyn. Det er og gjennomført kvartalsrapportering til rådmann den 14.12.16.

Vidare er det gjeve orientering om tilsynet og administrasjonen sitt arbeid med å lukke avvik i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne den 03.11.16 samt Utval for levekår den 07.12.16. Begge desse fora ønsker oppdatert orientering om framdrift i forbetningsprosess ila 2017.

I høve til omfang endring/justering av aktuelle rutinar/prosedyrar nyttar ein eit internt loggsystem for å kvalitetssikre utføring av forbetningsverksemda. Logg synleggjer:

- Type korrigerande tiltak
- Kor ein finn aktuelle dokument
- Korleis rutine/prosedyre er gjort kjent
- Korleis sikre at rutine/prosedyre vert følgde
- Ansvar
- Status

Logg er under kontinuerleg oppdatering jamfør framdrift i forbetningsprosess. Ein legg ved eit oversyn på status per 15.12.16.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Med bakgrunn i ovannemnde vil ein frå leiinga generelt melde følgjande konklusjon på noverande status i prosess:

Avvik	Status desember 2016
1. Systematiske tiltak for å sikre at tilsette har nødvendig kunnskap til å ivareta oppgåver er mangelfulle	Oppdaterte rutinar/prosedyrar er gjort kjent for tilsette innan aktuelt tenesteområde, og prosess med å kvalitetssikre at desse vert følgde og er eigna er iverksatt. Dette arbeidet vert vidare kvalitetssikra og rapportert jamfør m.a. årshjulsverksemd. Oppdatert opplæringsplan samt aktuelle kurs og kompetansehevande tiltak innan dokumentasjon, tiltaksplan og journal er utført for tilsette i avdeling i 2016. Nye kurs er under planlegging for 2017.
2. Ansvarsdeling for ulike oppgåver er ikkje tilstrekkeleg avklart. Det systematiske arbeidet med å utvikle og setje i verk rutinar og følgje med på at dei er kjende, følgde og eigna, er mangelfulle.	Oppdaterte rutinar/prosedyrar for ansvarsavklaring er gjort kjent for tilsette innan aktuelt tenesteområde, samt avklart med rådmann. Det er iverksatt forbetningsprosess for å meir systematisk kvalitetssikre verksemda innan tenesteområde. Denne verksemda vert dokumentert og rapportert på ulike nivå i organisasjon. Rådmann vert kontinuerlig informert mellom anna via kvartalsrapportering.

Administrasjon er per tid nøgd med framdrift i høve til å etablere nye og oppdaterte rutiner/prosedyrer i tenesteområde, samt gjennomføring av kurs/kompetansehevande tiltak for noverande personale. Det same gjeld avklaring av ansvarsdeling og rapportering. Slik sett vurderer ein at gjeldande rutiner er kjende og vert følgde.

Det er trong for noko meir tid før ein kan dokumentere at desse endringane gjev forbetring i praksis og styring av tenestene. Det er likevel god grunn til å ha forventning til at det vil skje både for leiing, tenesteytarar og brukarane.

I tillegg til intern administrativ forbetningsprosess, vert det som nevnt ei ekstern oppfølging via informasjon om utvikling i arbeidet i Utval for levekår samt Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ila 2017.

Om Fylkesmannen ønskjer meir detaljert informasjon om dei einskilde momenta i loggsystem ber ein om tilbakemelding.

Med helsing

Helge Kvam
rådgjevar pleie og omsorg og sosial

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Logg - status sjekklisse for oppfølging aktuelle rutiner_dokument versjon 15.12.16

Kopi til:

Britt Hilde Romarheim
Ingvild Hjelmtveit

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland

5020

BERGEN